



Tokke kommune
Plan, næring og kulturetat

Notat

Vår ref
2024/1413-8

Sakshandsamar:
Knut Erik Paulsen, 35 07 52 47

Arkivkode:
J40

Dato:
18.03.2025

Til: Finn Arne Askje

Frå: Knut Erik Paulsen

Oppussing i pakkbua - kostnadsoverslag

I samband med synfaring på bryggekafeen i formannskapsmøte 12. mars ble administrasjonen bedt om å lage et kostnadsoverslag på ei enkel oppgradering av pakkbua. Dalen hotell ønsker å bruke lokalene i pakkbua til servering. Dette kan gjerast samstundes med at ein har ei utstilling frå museet i lokala.

I fyrste omgang er det naudsynt å rette av golvet i det ytre rommet og å gjere heile lokale fugletett. Det er naudsynt å tette langsmed kledningen i gavlveggen mot Storvegen, slik at det ikkje kjem inn fuglar som skit inne i rommet.

Teknisk avdeling har sett på arbeidet og kome med eit kostnadsoverslag. Jobben vil vere å legge eit enkelt tregolv oppå det golvet som ligg der i dag for å rette av rommet, slik ein kan bruke det til bord og stolar. Golvet blir lagt flytande oppå steingolvet som er i dag for ikkje å skade eksisterande golv.

Legging av tregolv har ein kostnad på om lag 110 000 kroner inkl mva. Tetting av rom vil koste om lag 5 000 kroner inkl mva.

Totalt vil det koste 115 000 kroner å gjere «Pakkbua» brukande til Dalen hotell sitt ynskje om serveringslokale og utstilling for museet.

Arbeidet må gjerast i samråd med Fylkeskommen for å take omsyn til at bygningane er freda. Det er ei utvendig freding slik at dette innvendige arbeidet bør gå greitt så lenge det er reversibelt.

Dersom kommunestyret ynskjer at ein skal ruste opp «Pakkbua» så må ein løyve 115 000 kroner i tillegg til det som står i saksframlegget for oppussing av bryggekafeen.